

HALVOR ROHEIM
ROHEIMVEGEN 345
3804 BØ I TELEMARK

Dato: 19.11.2025
Vår referanse: 2025/1091-2
Sakshandsamar: Thor Lars Christiansen

Varsel om at Vinje kommune vil setje fram krav om tvangssal av gnr. 123/1,10,13 Haugen

Me syner til brev den 3.4.2025 med varsel om frist for å overføre landbrukseigedom i dødsbu til ny eigar for gnr. 123/1,10,13 i Vinje. Me legg til grunn at du fortsett er bustyrar for dødsbuet. Om dette ikkje stemmer, så ver grei å varsel oss om kven som har det ansvaret.

Fristen for å overføre var 1.10.2025, men vi ser at egedomen fortsett er tinglyst på dødsbuet. Som følgje av at egedomen ikkje er overført til ny eigar med tinglyst heimel innan treårsfristen - jamfør arvelova § 99 a første ledd - varslar vi om at vi vil setje fram krav om at gnr. 123/1,10,13 blir tvangsseld, jf. konsesjonslova § 19.

Det er mogleg å søkje forlenging av treårsfristen dersom det ligg føre «særlege grunnar», jf. arvelova § 99 a andre ledd. Dersom søknad om fristforlenging blir motteken, vil vi handsame den søknaden før det eventuelt blir sett fram krav om tvangssal.

Dersom du har merknader til dette varselet, ber vi om at desse blir sende til oss innan 31.12.2025.

Dette brevet er eit førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16.

Med helsing

Thor Lars Christiansen
landbruksrådgjevar

Knut Martin Edland
kommunalsjef

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

- 1 123/1, 123/10, 123/13 - Melding om dødsbu med landbrukseigedom - frist for overføring til ny eigar

Mottakarakar:

HALVOR ROHEIM